



14.08.2018

Rapport frå arbeidsgruppa Framtidige opplæringstilbod for elevar med psykiske vanskar

OM RAPPORTEN

Ansvarleg avdeling/eining: Opplæringsavdelinga; seksjon skule og OT/PPT

Kontaktinformasjon/ e-post: OTPPT@hfk.no

Dato/versjonsnr: 15. 08.18, versjon 1

INNHOOLD

| | |
|---|-----------|
| INNLEIING | 5 |
| BAKGRUNN FOR ARBEIDET | 6 |
| Organisering | 6 |
| Tidsplan..... | 7 |
| MÅLGRUPPER | 8 |
| DEFINISJON PSYKISK HELSE OG PSYKISKE VANSKAR | 9 |
| LOVGRUNNLAG, RETTAR OG PLIKTER | 9 |
| Utdanningsprogram | 10 |
| Inntak | 10 |
| Tilpassa opplæring..... | 10 |
| Spesialundervisning | 11 |
| § 5-3. Sakkunnig vurdering..... | 12 |
| Rett ved langvarig sjukdom..... | 12 |
| Utvida tid | 13 |
| Deltid..... | 13 |
| Inkludering | 14 |
| Overordna del av læreplanverket – verdiar og prinsipp for opplæringa..... | 14 |
| HORDALAND FYLKESKOMMUNE SITT EKSISTERANDE TILBOD TIL ELEVAR MED PSYKISKE VANSKAR | 16 |
| Særskild tilrettelegging | 16 |
| Opplæring i helseinstitusjonar | 16 |
| Bergen katedralskole, avdeling Kyrre..... | 17 |
| Tiltak i ordinær opplæring | 18 |
| TILBODET TIL ELEVAR MED PSYKISKE VANSKAR I SOGN OG FJORDANE | 21 |
| FRAMTIDIGE OPPLÆRINGSTILBOD FOR ELEVAR MED PSYKISKE VANSKAR | 21 |
| FORSKING OM UNGDOM OG PSYKISK HELSE | 23 |
| KOMPETANSEUTVIKLING | 25 |
| ULIKE INNSPEL I SAKA | 26 |
| Innspel frå erfaringsdelingsdag 08.02.2018 | 26 |
| Oppsummering rektorsamling 29.05.2018 | 27 |
| Oppsummering frå info- drøftingsmøte 30.05.2018 | 28 |

| | |
|--|-----------|
| ØKONOMI | 29 |
| TILRÅDINGAR FRÅ ARBEIDSGRUPPA | 29 |
| Tiltak som førebygging og universell tilnærming | 29 |
| Tiltak som tidleg innsats, ekstra opplæring, oppfølging og støtte..... | 30 |
| Tiltak for ekstra tilrettelegging, varig og intensiv innsats for elevgruppa som har behov i samsvar med rettane etter lov og forskrift | 30 |
| Referansar:..... | 31 |

Innleiing

Rapporten er ledd i oppfølging av fleire politiske saker og notat/løypemeldingar som omhandlar elevane si psykiske helse. Vedtak i Fylkesutvalet, PS-95/17 møte 04. 05. 18 , *Kyrre skole - leige av lokale* danna utgangspunkt for arbeidet og for oppnemninga av ei tverrfagleg gruppe som skulle førebu saka. Gruppen vart tidleg delt i dei to gruppene: arbeidsgruppe med deltakarar frå opplæringsavdelinga og referansegruppe med eksterne deltakarar. Frå 01.02.18 har Dan Femoen (H) vore saksordførar (PS 25/18) og delteke i begge gruppene.

I arbeidet med saka har fokus endra seg frå berre å gjelde arbeid med å greie ut framtidig opplæringstilbod tilpassa målgruppa ved avdeling Kyrre (FU PS-95/17) til også å gjelde utgreiing av framtidig opplæringstilbod for elevar med psykiske vanskar (Notat OPHE 21.09.17). Bakgrunn for dette er m.a. forskning som syner at stadig fleire unge slit med den psykiske helsa si (A. Bakken m.fl. Nova 4/2016, Ungdata). Skulane melder bekymring og er uroa over utviklinga. Det er tydeleg samanheng mellom psykisk helse og læring, og psykiske vanskar kan vere ei viktig årsak til fråfall i vidaregåande opplæring.

.....

Rapporten startar med, forutan bakgrunn for arbeidet, eit oppsett over deltakarane i dei ulike gruppene, og korleis desse har arbeidd.

Thomas Nordahl, professor og pedagogikkforskar, nyttar i rapporten *Inkluderende fellesskap for barn og unge* (Eksperutvalet 04.03.18) ein modell som illustrerer ulike nivå og tiltak for tilrettelegging ut frå kva behov og rettar elevane har. Denne modellen vert nytta i denne rapporten, då den tydeleg får fram målgruppene for arbeidet vårt. Rapporten inneheld tiltak på alle nivå. Ei auka satsing på det lågaste nivået vil kunna minke behova ut frå eit folkehelseperspektiv og redusere behov for spesialundervisning, medrekna organisering i eigne tiltak eller einingar. Det er naudsynt å ha gode universelle, førebyggjande tiltak, men skuleeigar pliktar også å ha ivaretakande tiltak for unge som slit psykisk. Rapporten frå arbeidsgruppa omhandlar tilbod til elevar med behov for ekstra tilrettelegging og meir intensiv innsats i periodar eller over lengre tid. Tilboda i helseinstitusjon er også med.

I tilbod til elevane skal lovgrunnlag, rettar og plikter liggja i botnen for arbeidet, og dette har såleis fått stor plass i rapporten.

Kapittelet *Opplæringstilbod for elevar med psykiske vanskar* viser kva tiltak ein tenkjer seg i nær framtid, ut frå både nasjonale, regionale og lokale føringar. Det er liten skilnad på kapittelet om eksisterande tilbod og kapittelet om opplæringstilbod for elevar med psykiske vanskar.

Det er også teke med eit lite avsnitt om tilbod for same målgruppa i Sogn og Fjordane. Det er viktig å sjå til nabofylket, då samanslåing til Vestland fylkeskommune frå 01.01.2020 gjer at me truleg må sjå på organisering av tilboda til denne gruppa på nytt.

Forskning og kompetanseutvikling er to viktige dimensjonar som har vore vektlagt i arbeidet. Vektlagt er også erfaringar frå praksisfeltet, og innspela som er komne medan arbeidet med saka om elevane si psykiske helse har pågått.

Rapporten inneheld tilråding frå arbeidsgruppa og referanseliste.

Bakgrunn for arbeidet

Målet med arbeidet er ei utgreiing av framtidige opplæringstilbud for elevar med psykiske vanskar. I tillegg koma med forslag til løysing som i større grad tek i vare nemnde elevgruppe, jf. vedtak i Fylkesutvalet 04.05.17 PS- 95/17:

1. «Det skal settes i gang et arbeid med å utrede framtidig opplæringstilbud som er tilpasset målgruppen ved avdeling Kyrre og som ivaretar deres behov. Dette skal ha prioritet og legges frem til politisk behandling senest høst 2018.
2. Fylkesrådmannen blir bedt om å komme tilbake med forslag til ny løysing som i større grad ivaretar elevene ved avdeling Kyrre sine behov.»

Fylkesrådmannen har lagt fram løypemeldingar om arbeidet, jf. RS-39/17, møte OPHE 17.10.17 og RS-26/18, møte OPHE 15.05.18. I løypemeldinga frå oktober 2017 vart bestillinga til gruppa presisert slik:

«Målet for prosessen er ei utgreiing av framtidig opplæringstilbud for elevar med psykiske vanskar. I tillegg vil fylkesrådmannen kome med forslag til løysing som i større grad tar i vare nemnde elevgruppe.»

Dan Femoen (H) vart i Fylkesutvalet 01.02.18 oppnemnt som saksordførar (PS 25/18).

Rapportar viser tydeleg at talet på elevar med psykiske utfordringar er aukande. Forsking viser ei forverring av ungdom si psykiske helse dei seinare åra (A. Bakken m.fl, Nova 4/2016, og Ungdata). Tema har fått mykje merksemd av politikarar, fagfolk og i media generelt. Nyare forskning viser at det er tydeleg samanheng mellom psykisk helse og læring, og at psykiske vanskar er årsak til mykje av fråfallet i vidaregåande opplæring (NIFU, 9/2014). Ein har dei siste åra blitt meir og meir oppteken av at ungdommane sine aukande plager ikkje berre kan behandlast bort, men at ein må i mykje større grad tenkje førebyggjande og helsefremjande tiltak for å hanskast med dei aukande utfordringane (Skogen JC m.fl *Barn og unges psykiske helse: Forebyggende og helsefremmende folkehelseiltak. En kunnskapsoversikt*, Folkehelseinstituttet. Rapport 2018).

Arne Holte, professor i helsepsykologi og tidlegere visepresident i Folkehelseinstituttet, framhevar psykologar sin unike kompetanse som kan brukast meir i førebyggjande tiltak. Han peikar også på at det er samfunnsøkonomisk å tenkje førebygging, og setje inn universelle tiltak før barn og unge får psykiske plager.

Det er viktig at fylkeskommunen ser ulike tiltak/tilbud til ungdommane i samanheng. Tiltak for å nå/hjelpe såkalla «ukjent ungdom» i oppfølgingstenesta (OT), ungdom på Hyssingen produksjonsskule og elevane psykologteamet arbeidar med vil alle kunne tene på kvalitativ god satsing på psykisk helse.

ORGANISERING

Ei tverrfagleg gruppe vart oppnemnd for å følgje opp vedtaket. Undervegs vart gruppa delt inn i ei arbeidsgruppe (deltakarar frå opplæringsavdelinga) og ei ressursgruppe (dei eksterne deltakarane). Dan Femoen (H) vart i Fylkesutvalet 01.02.18 oppnemnt som

saksordførar, og han har delteke både i arbeidsgruppemøta og i ressursgruppa. Nina Ludvigsen leia arbeidet fram til 01.03.2018. Frå same dato gjekk ansvaret over til Annbjørg Laupsa, konstituert leiar i OT/PPT.

Medlemmer i arbeidsgruppa:

- Nina Ludvigsen, seksjonsleiar OT/PPT, opplæringsavdelinga (leiar fram til 01.03.2018)
- Annbjørg Laupsa, konstituert seksjonsleiar OT/PPT, opplæringsavdelinga f.o.m. 01.03.2018
- Janne Lisen Ringdal Strøm, leiar PPT Nord, opplæringsavdelinga
- Venke Barrikmo, seniorrådgivar opplæringsavdelinga, seksjon skule
- Laila Ulvestad, seniorrådgivar opplæringsavdelinga, seksjon skule (frå januar 2018)
- Dan Femoen (H), saksordførar (frå 01. 02. 2018)

Medlemmer i ressursgruppa:

- Nina Ludvigsen, seksjonsleiar OT/PPT, opplæringsavdelinga (leiar fram til 01.03.2018)
- Annbjørg Laupsa, konstituert seksjonsleiar OT/PPT f.o.m. 01.03.2018
- Janne Lisen Ringdal Strøm, leiar PPT Nord, opplæringsavdelinga
- Kari Spilsberg, avdelingsleiar Bergen katedralskole, avd. Kyrre
- Siren Marit Dahl, lærar Bergen katedralskole, avd. Kyrre
- Christine Taule, avdelingsleiar Sotra vgs.
- Håkon Kahrs Sjursen, avdelingsleiar Nordahl Grieg vgs., avd. Sykehuskolen
- Venke Barrikmo, seniorrådgjevar opplæringsavdelinga, seksjon skule
- Benedicte Meyer, hovudtillitsvald i Utdanningsforbundet
- Bjørg Orrebakken Haugland, hovudtillitsvald i Sykepleierforbundet
- Dan Femoen(H), saksordførar (frå 01. 02. 2018)

Andre ressurspersonar har vore trekte inn i arbeidet ved behov.

TIDSPLAN

Arbeidet starta med første møtet i gruppa 30.08.2017. Det har vore seks møte i arbeidsgruppa, og fem møte i ressursgruppa, i tillegg til fleire ad hoc-møte i skriveprosessen.


Arbeidsgruppa har arrangert ein erfarings-/innspelsdag 08.02.2018 med tema «*Framtidig opplæringstilbod for elevar med psykiske vanskar*». Saka vart presentert i rektormøtet 29.05.2018, informasjons- og drøftingsmøte 30.05.2018 og 15.08.2018. Leiargruppa i opplæringsavdelinga har hatt saka på dagsorden 11.06.2018, og leiargruppa i OT/PPT 14.06. og 27.06.2018.

Fylkesrådmannen har lagt fram løypemeldingar frå arbeidsgruppa, jf. Opplærings- og helseutvalet 21.09.2017 og 17.04.2018. I følgje vedtak i Fylkesutvalet, PS-95/17, 04.05.17, *Kyrre skole – leige av lokale*, skal sak leggjast fram til politisk behandling hausten 2018..

Målgrupper

Lov og forskrift omfattar rettार som alle elevar har, og dessutan heimlar lov og forskrift egne rettार for elevar med særskilte behov. Dei fleste behov er felles for alle elevar, og elevar med særskilte behov kan ha behov for ulike typar tiltak og ulik grad av tilrettelegging.

Modellen (Ekspertgruppa v/Thomas Nordahl) seier noko om målgruppa, då den illustrerer ulike nivå og tiltak for tilrettelegging ut frå kva behov og rettार elevane har (frå det universelle til det spesielle):



Alle elevar har rett til tilpassa opplæring, og innanfor ordinær tilpassa opplæring er det elevar som kan ha ein behandlar i psykiatrien, i periodar eller over lang tid. Når sosialt tilhøyr og stabilitet i opplæringa er teke i vare i klassen, gir lova rom for at elevane i deler av tida kan delast i andre grupper etter behov. Enkelte av elevane kan ha rett til spesialundervisning, som ofte kan leggjast til rette innanfor rammene. Dialog og samarbeid med elev og føresette er grunnleggjande og viktig. På dette nivået er det særleg vekt på gode læringsmiljø, førebygging og universelle innsatsar.

Ein del elevar har andre behov enn det som skulen kan leggje til rette for innanfor rammene i nivå 1. Det er difor viktig at skulane, saman med støttesystema, greier ut og prøver ut noko meir omfattande tilrettelegging på nivå 2. Tidleg innsats, ekstra støtte, førebygging og oppfølging er særleg viktig for elevar med moderate behov. Oppdage/identifisere, avklare behov, følgje opp og leggje til rette tiltak på individ-, gruppe- og systemnivå er særleg viktig for elevar med særlege behov.

For elevar med særlege behov krevst det omfattande, varige, intensive og individuelle tiltak. Det er også viktig å vurdere tiltak som kan fungere på gruppe- og systemnivå.

Rapporten inneheld tiltak på alle nivå. Ei auka satsing på det lågaste nivået vil kunne minke behova ut frå eit folkehelseperspektiv og redusere behov for spesialundervisning, medrekna organisering i eigne tiltak eller einingar.

Målgruppa i saka vil ein primært finna i dei to øvste kategoriane. Rapporten vektlegg tilbod til elevar med behov for ekstra tilrettelegging og meir intensiv innsats i periodar eller over lengre tid, jf. dei øvste nivåa i modellen ovanfor.

Tilboda i helseinstitusjon er også med i kartlegginga.

Definisjon psykisk helse og psykiske vanskar

Helsedirektoratets definisjon på psykisk helse: «*Psykisk helse refererer til utviklingen av og evnen til å mestre tanker, følelser, atferd og hverdagens krav. Verdens helseorganisasjon (WHO) definerer god psykisk helse som en tilstand av velvære der individet kan realisere sine muligheter samt bidra overfor andre og i samfunnet.*»

Det kan vera føremålstenleg å skilje mellom **psykisk sjukdom og psykiske plager/lidingar**. 15-20 prosent av barn og unge mellom 3 og 18 år har nedsett funksjon på grunn av psykiske plager som angst, depresjon og åtferdsproblem (Folkehelseinstituttet 2015).

Psykiske vanskar vert brukt når born og unge har symptom som i stor grad går ut over trivsel, læring, daglege gjeremål og samvær med andre, men utan at kriteria for diagnosar er tilfredsstillt (Mathiesen 2009).

For dei fleste går vanskane over av seg sjølv, men for nokre vil dei vara. Det er vanleg at fleire lidingar opptrer samstundes (Folkehelseinstituttet 2015). **Psykiske plager og lidingar** gir ulike uttrykk i ulike aldersgrupper, og hos gutar og jenter. I rapporten «*Psykiske lidelser: Et folkehelseperspektiv*» (2009) beskriv Kristin Schjelderup Mathiesen skilnaden på **psykiske lidingar og psykiske plager** slik: "Psykiske lidelser kjennetegnes ved at symptombelastningen er så stor at det kvalifiserer til diagnoser som generalisert angstlidelse, alvorlig depresjon, anoreksi, ADHD eller psykose (s.43)». Ho refererer vidare til at førekomsten i Noreg tilseier at om lag 8 %, cirka 70.000, av alle born og unge mellom 3 og 18 år på eit gitt tidspunkt har ei psykisk liding.

Lovgrunnlag, rettar og plikter

Lover, forskrifter og sentrale styringsdokument må vere fundamentet for tilrådingar om framtidige opplæringstilbod. Det er avgjerande at skuleeigar har eit forsvarleg system som sikrar at krav til opplæringstilbodet vert ivaretekne også for denne målgruppa av elevar, jf. Opplæringslova § 13-10 Ansvarsomfang:

Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllest.

Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte.

Rett til vidaregåande opplæring for ungdom er forankra i opplæringslova § 3-1:

Ungdom som har fullført grunnskolen eller tilsvarende opplæring, har etter søknad rett til tre års heiltids vidaregåande opplæring. Dette gjeld òg dei som har fullført vidaregåande opplæring i eit anna land, men som ikkje får godkjent opplæringa som studiekompetanse eller yrkeskompetanse i Noreg. I fag der læreplanen føreset lengre opplæringstid enn tre år, har ungdommen rett til opplæring i samsvar med den opplæringstida som er fastsett i læreplanen. Ungdom som har fylt 15 år, søker sjølv om inntak til den vidaregåande opplæringa.

Elevar, lærlingar, praksisbrevkandidatar og lære kandidatatar har rett til opplæring i samsvar med denne lova og tilhøyrande forskrifter.

Retten til vidaregåande opplæring gjeld ut det skoleåret som tek til det året ein fyller 24 år. Elevar har rett til å gjere eitt omval, og får då rett til utvida tid så dei kan fullføre opplæringa.

UTDANNINGSPROGRAM

Rett til vidaregåande opplæring for ungdom går fram av opplæringslova § 3-1:

Søkjjarar har rett til inntak til eitt av tre alternative utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 som dei har søkt på, og til to års vidaregåande opplæring innanfor utdanningsprogrammet. Søkjjarar som etter kapittel 5 i lova har rett til spesialundervisning, og som på grunnlag av sakkunnig vurdering har særlege behov for eit særskilt utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1, har rett til inntak til dette utdanningsprogrammet etter forskrift fastsett av departementet.

Retten til inntak til utdanningsprogram inneber at skuleeigar må ta omsyn til denne retten også ved tilrettelegging og organisering av særskilte tilbod til elevar med psykiske vanskar.

INNTAK

Alle ungdommar som har fullført grunnskolen eller tilsvarende, har rett til inntak til vidaregåande opplæring, jf. Opplæringslova § 3-1.

I forskrift til Opplæringslova §§ 6-15 – 6-27 er det gitt fråsegn om korleis ein kan sikre inntak for elevar som av ulike årsaker ikkje kan konkurrere seg inn på same vilkår som andre elevar. Søknadsfrist her er 1. februar. Ein del av elevane som har langvarige psykiske vanskar vil ha rett til å verte tekne inn gjennom dette inntaket.

TILPASSA OPPLÆRING

Prinsippet om tilpassa opplæring skal leggast til grunn for all opplæring og gjeld alle elevar: Opplæringslova § 1-3. Tilpassa opplæring og tidleg innsats

Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen, praksisbrevkandidaten og lære kandidat.

Kor godt utbytte den einskilde elev får av opplæringa heng nært saman med skulen si evne til å ivareta den sosiale og faglege utviklinga innanfor ramma av ordinær opplæring. Tilpassa opplæring inneber eit individperspektiv og eit systemperspektiv. Individperspektivet legg vekt på individualisert undervisning basert på eleven sine ulike behov og føresetnader. Utfordringar med dette perspektivet kan vere at læringsmessige eller sosiale problem i for stor grad vert forstått i lys av definerte eigenskapar hos enkeltelevar (i for stor grad.) Systemperspektivet tek utgangspunkt i det sosiale fellesskapet og kva faktorar i undervisningssituasjonen og skulen det er som påverkar eleven si læring i positiv eller negativ retning. Det er grunnleggjande og viktig å vurdere eleven sine føresetnader, samstundes må det sjåast i saman med systemperspektivet. God tilrettelegging av ordinær tilpassa opplæring saman med ressursar til fleksibel og tilpassa organisering kan bidra til å redusere behov for spesialundervisning.

SPELALUNDERVISNING

Elevar som av ulike årsaker ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning jf. Opplæringslova § 5-1:

Elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning. I vurderinga av kva for opplæringstilbod som skal givast, skal det særleg leggast vekt på utviklingsutsiktene til eleven. Opplæringstilbodet skal ha eit slikt innhald at det samla tilbodet kan gi eleven eit forsvarleg utbytte av opplæringa i forhold til andre elevar og i forhold til dei opplæringsmåla som er realistiske for eleven. Elevar som får spesialundervisning, skal ha det same totale undervisningstimetalet som gjeld andre elevar, jf. § 2-2 og § 3-2.

Nokre elevar har så store psykiske vanskar at dei ikkje klarer å nyttiggjera seg den ordinære opplæringa, sjølv om dei har gode kognitive føresetnader. Langvarig psykisk sjukdom inneber ofte stort fråvær og/eller at ein ikkje klarar å ta innover seg opplæringa i skulen og følgja opp lekser og skulearbeid. Her kan mykje ivaretakast innanfor den tilpassa opplæringa, men i ein del tilfelle vil eleven kunne ha rett til spesialundervisning. Etter § 5-4 har eleven rett til å krevje at skulen gjer dei undersøkingar som er nødvendig for å finna ut om eleven treng spesialundervisning, og undervisningspersonalet skal melde frå til rektor når slike behov er til stades. Skulen skal også prøve ut tiltak innanfor det ordinære opplæringstilbodet før ein vurderer spesialundervisning.

Før fylkeskommunen gjer vedtak om spesialundervisning skal det liggje føre ei sakkunnig vurdering frå PPT jf. Opplæringslova § 5-3, der PPT skal vurdere kva for opplæringstilbod som bør givast.

Utdanningsdirektoratet seier følgjande i *Veileder om spesialundervisning*:

Prinsippet om tilpasset opplæring favner både den ordinære opplæringen og spesialundervisning. Skolens evne til å gi elevene opplæring som ivaretar deres faglige og sosiale utvikling innenfor rammen av ordinær opplæring, er med på å avgjøre behovet for spesialundervisning. Spesialundervisning er også tilpasset opplæring, men ikke all tilpasset opplæring er spesialundervisning. Spesialundervisning skal ivareta muligheter elevene skal ha til å nå realistiske mål dersom det ikke lar seg gjøre innenfor ordinær opplæring. Derfor er det viktig at skolen bevisst bruker det handlingsrommet som ordinær opplæring gir, før rektor melder eleven til PP-tjenesten. Skolen må kartlegge, vurdere og eventuelt prøve ut nye tiltak på skolen innenfor rammen av ordinær opplæring. Dette er også presisert i opplæringsloven § 5-4. Veileder Udir¹:

§ 5-3. SAKKUNNIG VURDERING

Før kommunen eller fylkeskommunen gjør vedtak om spesialundervisning etter § 5-1, skal det liggje føre ei sakkunnig vurdering av dei særlege behova til eleven. Vurderinga skal vise om eleven har behov for spesialundervisning, og kva for opplæringstilbod som bør givast.

Den sakkunnige vurderinga skal blant anna greie ut og ta standpunkt til

- *Eleven sitt utbytte av det ordinære opplæringstilbodet*
- *Lærevanskar hjå eleven og andre særlege forhold som er viktige for opplæringa*
- *Realistiske opplæringsmål for eleven*
- *Om ein kan hjelpe på dei vanskane eleven har innanfor det ordinære opplæringstilbodet*
- *Kva for opplæring som gir eit forsvarleg opplæringstilbod*

Departementet kan gi nærmare forskrifter om den sakkunnige vurderinga.

Dersom vedtaket frå kommunen eller fylkeskommunen avvik frå den sakkunnige vurderinga, skal grunngivinga for vedtaket blant anna vise kvifor kommunen eller fylkeskommunen meiner at eleven likevel får eit opplæringstilbod som oppfyller retten etter § 5-1.

RETT VED LANGVARIG SJUKDOM

Elevar som er pasientar i helseinstitusjonar har rett til opplæring, jf. Opplæringslova § 13-3a. *Plikt for fylkeskommunen til å sørje for grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring i helseinstitusjonar.* Opplæringstilboda ved Nordahl Grieg vgs., avdeling Sykehuskolen og Kvinnherad vgs., avdeling Valekrossen er tilbod som tek i vare rettar etter Opplæringslova § 13-3a.

Det er også mange elevar i målgruppa som ikkje er i helseinstitusjon, og som har ein helsetilstand som inneber at dei ikkje klarer å følgje den ordinære opplæringa.

I følgje Utdanningsdirektoratet kan fylkeskommunen ha plikt til å gje opplæringa på ein annan stad enn skulen, til dømes i eleven sin heim. Det er PPT som er sakkunnig instans i slike høve, og retten til opplæring i heimen/annan stad enn skulen for langvarig sjuke

¹ Utdanningsdirektoratet: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/sarskilte-behov/spesialundervisning/Spesialundervisning/>

elevar må vurderast ut frå reglane om spesialundervisning, opplæringslova kapittel 5. Udir tilrår at ein også kan nytte digitale læringsplattformer som eit supplement i opplæringa. I Hordaland er det eit pilotprosjekt ved Fyllingsdalen vgs. der ein har gitt tilbod om nettundervisning primært for elevar med ME, jf. retningslinjer frå Udir. Ny teknologi opnar for fleire metodar for å tilpasse og differensiere opplæringstilboda.

UTVIDA TID

Etter opplæringslova § 3-1, 5. ledd har elevar som har rett til spesialundervisning etter Opplæringslova kap. 5 rett til inntil to år ekstra tid når eleven treng det i forhold til opplæringsmåla for den enkelte. Elevar med særlege behov kan trenge noko lengre tid for å nå måla, og fullføring kan gjera eleven betre rusta til yrkesliv eller vidare utdanning (Udir). Det må liggje føre sakkunnig vurdering frå PPT før det vert fatta vedtak.

§ 3-1. Rett til vidaregåande opplæring for ungdom

Elev som etter reglane i kapittel 5 har rett til spesialundervisning, har rett til vidaregåande opplæring i inntil to år ekstra når eleven treng det i forhold til opplæringsmåla for den enkelte. Før fylkeskommunen gjer vedtak om utvida opplæringstid, skal det liggje føre sakkunnig vurdering av dei særlege behova eleven har.

Elevar med psykiske vanskar og som har rett til spesialundervisning kan såleis få inntil 2 år ekstra.

DELTID

§ 6-5. Fulltidselev og deltidselev

Fulltidselev er ein elev som er teken inn til eit fullstendig utdanningsprogram på Vg1 eller eit fullstendig programområde på Vg2 eller Vg3.

Deltidselev er ein elev som er teken inn til mindre opplæring enn det som er fastsett som full tid i det aktuelle utdanningsprogrammet på Vg1 eller programområdet på Vg2 eller Vg3 etter læreplanverket. Deltidselevar kan vere tekne inn til eit eller fleire fag.

Fylkeskommunen avgjer om søknaden frå ein fulltidselev om å bli deltidselev skal innvilgast. Søknaden frå ein elev som er teken inn som fulltidselev, om å bli deltidselev etter at vedtak om inntak er gjort, kan berre bli innvilga når det ligg føre tungtvegande grunnar.

Deltidselevar blir tekne inn til vidaregåande opplæring etter fulltidselevar.

Deltidselevar med rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1 blir tekne inn før eventuelle deltidselevar utan rett til vidaregåande opplæring blir tekne inn.

Ein søkjar som får innvilga omval etter opplæringslova § 3-1 fjerde ledd, skal som hovudregel takast inn som fulltidselev.

Deltidselevar kan også ha rett til spesialundervisning.

INKLUDERING

Hovudregelen er å leggje til rette mest mogleg innanfor ordinære rammer, og sosialt tilhøyr og inkludering er viktige prinsipp. I *Veilederen til spesialundervisning 2.9 Bruk av alternativ opplæringsarena*, vert det presisert at hovudregelen er at eleven skal ha opplæringa si i klasse, jf. også opplæringslova § 8-2 Organisering av elevane i klassar eller basisgrupper:

I opplæringa skal elevane delast i klassar eller basisgrupper som skal vareta deira behov for sosialt tilhør. For delar av opplæringa kan elevane delast i andre grupper etter behov. Til vanleg skal organiseringa ikkje skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhør. Klassane, basisgruppene og gruppene må ikkje vere større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg.

Der ein vurderer at eleven treng opplæring innanfor andre rammer enn den ordinære, skal det liggje føre ei sakkunnig vurdering. Uavhengig av om det er ordinær tilpassa opplæring eller spesialundervisning, er det i eit framtidretta tilbod viktig å sikre at skulane/elevane får gode og fleksible rammer slik at ein kan sikre prinsippet om inkludering²:

- *Faglig inkludering innebærer at elevene deltar aktivt i et faglig fellesskap.*
- *Sosial inkludering innebærer at elevene er sosialt aktive, har venner og er i positivt samspill med sine jevnaldrende.*
- *Psykisk inkludering er uttrykk for hvordan den enkelte elev opplever sin situasjon på skolens ulike arenaer.*

Inkludering kan vidare forståast som ein tenkje- og handlemåte som skal prega dei vala ein gjer i skulen. Potensialet for læring skal realiserast i ein inkluderande fellesskap i følgje Thomas Nordahl m.fl., for å bidra til at det vert utvikla eit inkluderande og berekraftig samfunn der vi deltek i fellesskap med andre (*Ekspertgruppen for barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging*).

Ekspertutvalet peikar på at mykje av spesialundervisninga føregår i eigne segregerte tilbod, og at organiseringa ber meir preg av ekskludering enn integrering. Elevane deltek i ulike typar fellesskap. Det kan vere fellesskap som eksisterer innanfor undervisninga i skulen, fellesskap mellom vaksne i skulen og elevar, og ikkje minst fellesskap mellom jamaldringar. Det er mogleg å vere inkludert i ein fellesskap utan å vere inkludert i ein annan. Fråvær av ulike typar inkludering i fellesskap vil ofte innebera ei form for eksklusjon eller segregering.

OVERORDNA DEL AV LÆREPLANVERKET – VERDIAR OG PRINSIPP FOR OPPLÆRINGA

I overordna del av læreplanverket blir verdigrunnlaget i formålsparagrafen i opplæringslova utdjupa saman med dei grunnleggjande prinsippa for opplæringa. Den overordna delen

² Tilpasset opplæring – inkludering og fellesskap <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/tilpasset-opplaring/inkludering-og-fellesskap/>

skal vise ei retning for opplæring i alle fag. Den overordna delen forpliktar alle som har eit ansvar for opplæringa; lærarar, leiarar, miljøarbeidarar, assistentar og skuleeigar. I tillegg til prinsippet om tilpassa opplæring kan ein i denne samanhengen vise til følgjande prinsipp i overordna del av læreplanen som viktige:

2.5.1 Folkehelse og livsmestring

Folkehelse og livsmestring som tverrfaglig tema i skolen skal gi elevene kompetanse som fremmer god psykisk og fysisk helse, og som gir muligheter til å ta ansvarlige livsvalg. I barne- og ungdomsårene er utvikling av et positivt selvbilde og en trygg identitet særlig avgjørende.

Et samfunn som legger til rette for gode helsevalg hos den enkelte, har stor betydning for folkehelsen. Livsmestring dreier seg om å kunne forstå og å kunne påvirke faktorer som har betydning for mestring av eget liv. Temaet skal bidra til at elevene lærer å håndtere medgang og motgang, og personlige og praktiske utfordringer på en best mulig måte.

3.1 Et inkluderende læringsmiljø

Skolen skal utvikle inkluderende fellesskap som fremmer helse, trivsel og læring for alle.

Et raust og støttende læringsmiljø er grunnlaget for en positiv kultur der elevene oppmuntres og stimuleres til faglig og sosial utvikling. Føler elevene seg utrygge, kan det hemme læring. Trygge læringsmiljøer utvikles og opprettholdes av tydelige og omsorgsfulle voksne, i samarbeid med elevene. De ansatte på skolen, foreldre og foresatte og elevene har sammen ansvar for å fremme helse, trivsel og læring, og for å forebygge mobbing og krenkelser. I arbeidet med å utvikle et inkluderende og inspirerende læringsmiljø skal mangfold anerkjennes som en ressurs.³

Føremål, verdier og prinsipp ut frå opplæringslova med forskrifter samsvarar med føremål i folkehelselova som også forpliktar fylkeskommunen som skuleeigar: Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven):

Kapittel 1 Innledende bestemmelser § 1. Formål

- *Formålet med denne loven er å bidra til en samfunnsutvikling som fremmer folkehelse, herunder utjevner sosiale helseforskjeller. Folkehelsearbeidet skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse.*
- *Loven skal sikre at kommuner, fylkeskommuner og statlige helsemyndigheter setter i verk tiltak og samordner sin virksomhet i folkehelsearbeidet på en forsvarlig måte. Loven skal legge til rette for et langsiktig og systematisk folkehelsearbeid.*

Opplæringslova kapittel 9A omhandlar elevane sitt skulemiljø, og § 9 A-2. Retten til eit trygt og godt skulemiljø slår fast:

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

³ Regjeringen: Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnopplæringen

<https://www.regjeringen.no/contentassets/37f2f7e1850046a0a3f676fd45851384/overordnet-del---verdier-og-prinsipper-for-grunnopplaringen.pdf>

Rettar og plikter etter opplæringslova kapittel 9A, det psykososiale miljøet og det fysiske miljøet, må også takast i vare ved tilrettelegging av opplæring for elevar med psykiske vanskar. Opplæringslova kapittel 9A forpliktar alle som arbeider i skulen.

Hordaland fylkeskommune sitt eksisterande tilbod til elevar med psykiske vanskar

SÆRSKILD TILRETTELEGGING

I Hordaland fylkeskommune er det i tillegg til tilbodet i ordinære klassar/skular, tre skular med eigne avdelingar med ekstra tilrettelegging og intensiv innsats, for elevar med psykiske vanskar.

1. Nordahl Grieg vgs., avdeling Sykehuskolen
2. Kvinnherad vgs., avdeling Valekrossen
3. Bergen katedralskole, avdeling Kyrre

Desse tre avdelingane har ulik tilnærming og dekkjer geografisk avgrensa område. Primært blir elevane rekruttert frå kommunen dei bur i, eller omliggande kommunar. I praksis er dei ikkje å rekne som tilbod for elevar frå heile fylket. Avdelingane har til saman +/- 150 elevar per år, altså ein liten prosent av fylkeskommunen sine elevar. Det er ulikt om elevane er knytt til avdelinga heile skuleåret eller i periodar der dei er pasientar.

Opplæring i helseinstitusjonar

Nordahl Grieg vgs., avd. Sykehuskolen er underlagt Opplæringslova, § 13-3 a. *Plikt for fylkeskommunen til å sørge for grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring i helseinstitusjonar.*

Fylkeskommunen der ein institusjon ligg, skal oppfylle retten til grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring etter lova her for pasientar i helseinstitusjonar som eit regionalt helseføretak eig, og for pasientar i private helseinstitusjonar som har avtale med regionale helseføretak. Fylkeskommunens ansvar gjeld berre for pasientar i institusjonsplassar som regionale helseføretak finansierer. Dersom opplæringa skjer i institusjonen, skal institusjonen sørge for nødvendige lokale til formålet.

Sjukehuskolen har eiga rutine for tilmelding: *Rutine for tilmelding og oppfølging av pasientar i Haukeland universitetssjukehus til Nordahl Grieg vgs. avdeling Sykehuskolen.* Rutinen skal sikre at unge som er pasient i Helse Bergen v/barneklubben og somatiske avdelingar får den opplæring dei har krav på. Avdelingsleiar rapporterer til opplæringsavdelinga, seksjon skule, to gonger per år på registrerte elevar og timar brukt til undervisning. Målsettinga til Sykehuskolen er henta frå heimesida deira: «Vi ønsker å legge til rette for at elevar kan opprettholde/ha kunnskapsnivået i fag, slik at det blir lettere å komme tilbake til hjemmeskolen etter sykehusopphold. Vi ønsker å bidra til at elevene i størst mulig grad skal opprettholde selvfølelse og motivasjon for vidare skolegang.»

Ved Kvinnherad vgs. avd. Valekrossen har søkjarane elevstatus, får tett oppfølging og undervisning i små grupper, jf. Opplæringslova, § 13-3 a. Dagens elevar kan vere eller ha vore pasientar ved Valen sjukehus, men dette er ikkje ein føresetnad. Elevane kan og kome frå DPS-ar eller kommunalt behandlingsapparat, men det er krav om å ha ein behandlar i spesialisthelsetenesta. Dersom det er elevar frå andre skular som er innlagt ved sjukehuset og eleven er i stand til å ha noko opplæring, kan dei få dette ved skulen dersom det ligg innanfor kompetanseområda som skulen tilbyr. Elevstatus på heimeskulen kan såleis oppretthaldast når det er realistisk at eleven kan fullføre opplæringa ved heimeskulen. Undervisningslokala ligg på Valen sjukehus.

Tilbodet er tilpassa elevar med psykiske vanskar som treng å fullføre heile eller delar av vidaregåande opplæring. Omfang og innhald i tilbodet kan variere og skulen legg vekt på individuell tilrettelegging. Storparten av elevane følgjer undervisninga heile året, men elevar som er pasientar på sjukehuset er ofte berre ein periode. Målgruppa til avdeling Valekrossen er primært elevar mellom 16 og 25 år, med lovmessig rett til opplæring, men avdelinga tek òg inn vaksne elevar som ikkje har gjennomført eller har måtta avbryte opplæringa. Elevane søkjer via behandlar og hjelpeapparatet dei er knytte til, og det er same søknadsfrist som elles i fylket – 1. mars. Inntaket skjer i samhandling mellom opplæringsavdeling og rektor. Avdelinga tilbyr fellesfag på yrkesfaglege utdanningsprogram Vg1 og Vg2. I tillegg fellesfag på allmennfagleg påbygging. Dersom ein elev ønskjer studiespesialisering, vert det og gitt tilbod om andre teorifag. Dersom eleven ønskjer å ta andre programfag, må dei gjennomførast på hovudskulen eller som privatist.

Bergen katedralskole, avdeling Kyrre

Målgruppa er elevar som ønskjer fag for å nå eit langsiktig mål om studiekompetanse. Elevane som søkjer, må ha ein behandlar i psykisk helsevern, dei må ha ungdomsrett og dei må ha prøvd seg i ordinært vidaregåande løp. 80 % av elevane er tilhøyrande Bergen kommune, dei resterande 20 % er fordelt med ca. 10 % frå Askøy og Fjell, og dei resterande 10 % kommunane Os, Vaksdal, Meland, Lindås, Øygarden og Masfjorden.

| Tal elevar 2017/18 | Tal/prosent sluttarar | Tilsette lærarar | Tilsette - ikkje pedagogiske stillingar | Tilsette leiing |
|--|-------------------------------|-----------------------------|--|----------------------|
| Ved skulestart: 105 elevar Per 08.02.2018: 111 elevar | Ca 25 % sluttarar per skuleår | 12 lærarar Rådgivar 50 % | Miljøarbeidar, Førstekonsulent IKT-ansvarleg | Avdelingsleiar 100 % |

Avdelinga har eigne inntaksrutinar, og tar inn elevar gjennom skuleåret. Ved innsøking må behandlar seie noko om kva for problem som ligg til grunn for søknad til avd. Kyrre. Korleis fungerer eleven fagleg og sosialt, kva for hjelpetiltak som tidlegare har vore sett i verk, og kva for behov av fagleg og sosial art elevane vil ha i vidaregåande skule. For å sikre ei tett oppfølging av elevane, har avdelinga mange samarbeidspartnarar, dei tilsette har høg kompetanse og 50 % har vidareutdanning i spes.ped.

Ved inntak til avdelinga har følgjande kriterier vore nytta:

- Elevar med psykiske vanskar

- Elevar med psykiske vanskar, og som har ein behandlar i psykiatrien
- Elevar med opplæringsrett
- Elevar med evner innanfor det normale
- Elevar som har behov for eit opplæringstilbod gjennom eit kontinuerleg opptak

Søklarane har status som delkurselevar, og alle har ein individuell timeplan. Alle får tett oppfølging både fagleg og sosialt, og lærarane jobbar relasjonsorientert. Lærarane legg til grunn ein stor fleksibilitet i vurderingsarbeidet. Tilbodet som blir gitt, er studieførebuande og påbygg. For skuleåret 2017/2018 har elevane tilbod om fire ulike programfag på Vg2 og fem ulike programfag på Vg3. For å trygga overgang til høgare utdanning har skulen gjennom år brukt GoCampus.

Avdelinga oppsummerer kvifor dei meiner dei gir eit godt tilbod til denne målgruppa:

- Struktur og lokalisering
- Relasjon og miljø
- Tilrettelegging
- Tryggleik
- Kompetanse

TILTAK I ORDINÆR OPPLÆRING

Lov og forskrift set krav til eit best mogeleg psykososialt skulemiljø som fremjar læring for den enkelte elev. Auka læringsutbyte og fullføring er hovudmålet for den vidaregåande opplæringa i Hordaland fylkeskommune. Styringsdokumentet for det pedagogiske utviklingsarbeidet i dei vidaregåande skulane tydeleggjer ansvar og forventningar til leiinga, lærarar og elevar.

Skuleleiarar i HFK har ansvar for å arbeide systematisk med å:

- Utvikle ein undervisnings- og vurderingskultur bygd på kunnskap, erfaringar og observasjon av læringssituasjonar, der det blir oppfatta som eit felles ansvar å undersøke kva elevane har lært og vurdere kva skulen skal gjere når eleven ikkje lærer det som er forventa.
- Halde seg oppdatert om nyare kunnskap og forskning innan skuleutvikling og legge til rette for kunnskaps- og erfaringsbasert dialog der elevane si læring står i sentrum.
- Legge til rette for elevmedverknad i spørsmål som er av betydning for læringsutbyte og trivsel.
- Skape og halde ved like eit godt psykososialt miljø med mål om nulltoleranse for mobbing, ved å legge til rette for samarbeid og bygge gode relasjonar internt og eksternt.

- Kartlegge sider ved skulen si verksemd som kan føre til utanforskap og sjå til at det blir sett i verk effektive førebyggjande tiltak/prosessar.
- Identifisere elevar som står i fare for å ikkje fullføre og legge til rette for tett oppfølging og læring med fokus på meistring og motivasjon.
- Involvere tilsette og elevar i arbeidet med å vurdere skulen sine resultat og utarbeide utviklingsmål og -tiltak som er tilpassa lokal kontekst og rammevilkår.
- Mobilisere dei ressursane som trengs for å gjennomføre utviklingstiltak og sjå til at gjennomføringa av tiltaka blir følgt opp og vurdert. Relevante ressursar kan til dømes vere kompetanse, tid, organisering, struktur og økonomiske midlar.

Lærarane i HFK har ansvar for å arbeide systematisk med å:

- Bidra aktivt til å utvikle ein felles undervisnings- og vurderingskultur bygd på kunnskap, erfaringar og observasjon av læringssituasjonar, der det blir oppfatta som eit felles ansvar å undersøke kva elevane har lært og vurdere kva skulen skal gjere når eleven ikkje lærer det som er forventa.
- Halde seg oppdatert om forskning og utvikling innan eige fagområde og bidra til ein kunnskaps- og erfaringsbasert dialog med mål om å utvikle ein undervisnings- og vurderingspraksis der elevane si læring står i sentrum.
- Legge til rette for elevmedverknad i undervisninga i spørsmål som betyr noko for læringsutbytte og trivsel.
- Skape og halde ved like eit godt psykososialt miljø med nulltoleranse for mobbing gjennom å vere ein tydeleg klasseleiar og bygge gode relasjonar til gruppa og enkelteleven.
- Møte alle elever med respekt og omtanke og bidra til at dei opplever læring, motivasjon og meistring, uavhengig av bakgrunn eller individuelle føresetnader.
- Identifisere og følgje tett opp elevar som står i fare for å ikkje fullføre, gjennom fagleg tilrettelegging og systematisk samarbeid med elev, føresette, skuleleiing og støtteapparat.
- Bidra i felles vurdering av skulen sine resultat og samarbeide med skuleleiinga, lærarar og elevar om utarbeiding av utviklingsmål og -tiltak som er tilpassa lokal kontekst og rammevilkår.
- Fremje skulen si kvalitetsutvikling ved å bidra aktivt i gjennomføring og vurdering av skulen sine utviklingstiltak.

Fylkeskommunen har system for å arbeida førebyggjande og universelt for å nå målet om auka læringsutbytte og fullføring. Ved skulane er det ulike tiltak og prosjekt som vert gjennomført, og ein del skular deltek i større forskingsbaserte prosjekt. Her kan ein nemne forskingsprosjektet Complete (Drømmeskolen og Nærværsteam), der fylket har med fire

skular: Austrheim vgs., Arna vgs., Fusa vgs. og Stord vgs. I tillegg er Kvam vgs. kontrollskule. Austrheim vgs presenterer prosjektet på heimesida:

Universitet i Bergen, Nordlandsforskning og Oxford Research skal undersøke to tiltak for å hindre fråfall blant elevar i Hordaland, Sogn og Fjordane, Nordland og Troms. Dei to tiltaka som skal undersøkast er Drømmeskolen og Nærværsteam. Drømmeskolen er eit universelt og førebyggjande tiltak for å skape eit trygt og helsefremjande skulemiljø der eldre elevar er mentorer for yngre elevar. Nærværsteam er eit tiltak for å sikre heilskapleg og godt koordinert innsats retta mot elevar som står i fare for å slutte gjennom etablering og samlokalisering av eit Nærværsteam. ⁴

Dessutan bidreg mobbeombod⁵ og elev- og lærlingeombod til informasjon og forbetra rutinar på skulane.

Skulane har også VIP-opplæring.

Frå 2016-2018 har fylkeskommunen hatt eige psykologteam, som var gitt føringar om systemarbeid ut mot alle fylket sine vidaregåande skular, jf. eigen AUD-rapport 11/18 *Evaluering av pilotprosjektet Psykologar i skulen.*

OT/PPT deltek som ein fagleg ressurs i skulane sine ressursteam og med gjennomføring av avklaringsamtaler. Dei arbeider både individ- og systemretta. Gjennom system for verksemdbasert vurdering, bidrar Opplæringsavdelinga, seksjon skule, inn i skulane sitt pedagogiske utviklingsarbeid, der mellom anna oppfølging av læringsutbytte, læringsmiljø og resultat om mobbing har fått auka fokus.

Alle skulane har tilgang til skulehelseteneste, som arbeider både på individ- og systemnivå. Skulehelsetenesta er eit lågterskeltilbod av stor verdi for alle elevane, og helsesøstrene deltek i skulane sitt ressursteam. I Regional plan for folkehelse – fleire gode leveår til alle (2014-2015), med tilhøyrande Handlingsprogram 2018-2021, har mellom anna fokus på psykisk helse, med Tiltak 3.4 *Innsats for å betre psykososialt miljø for elevar på yrkesfaglege utdanningsprogram gjennom kompetanseheving for lærarar*, og Tiltak 3.6 *Styrke kompetansen om folkehelse og livsmeistring i vidaregåande skular.*

I februar 2018 vart 6,5 millionar fordelt, etter søknad, til gratis skulefrukost til dei vidaregåande skulane. I 2015 gav Helsedirektoratet ut nye retningslinjer om mat i skulen - *Nasjonalt faglig retningslinje for mat og måltid i skulen.* Der blir det understreka at måltida er ein grunnleggjande faktor i eit læringsperspektiv, fordi dei fremjar konsentrasjon og læring, og bidrar til trivsel i skulekvardagen. Eit måltid er eit sosialt fellesskap som òg bidreg til det psykososiale skulemiljøet gjennom inkludering og utjamning av sosial ulikskap.

⁴ Hordaland fylkeskommune, Austrheim vgs.: Drømmeskolen og nærværsteam: <https://www.hordaland.no/nn-NO/skole/austrheimvgs/drommeskolen/>

⁵ <https://www.hordaland.no/nn-NO/utdanning/mobbeombodet-i-hordaland/>

Med eit tettare samarbeid mellom skular og OT og med NAV, som NAV i skule (Årstad vgs.), vert prosessen rundt potensielle sluttarar styrka. Statistikk viser at ein stor prosent av sluttarane har personlege problem som årsak.

Andre tiltak er studiesenter, nettundervisning, og forsøk med AV-1 robotteknologi for elevar som ikkje kan delta i ordinær undervisning.

Tilsette signaliserer behov for kompetanseheving, etter- og vidareutdanning, og fylkeskommunen har fokus på dette m.a. gjennom eigne kompetanseplanar. God samhandling og erfaringsdeling mellom dei ulike fylkeskommunale avdelingane og skulane, og mellom dei vidaregåande skulane, vil også kunna bidra til kompetanseheving innanfor psykisk helse. Kompetanse er omtala i eige kapittel i rapporten.

Fylkeskommunen har på ulike måtar prioritert kontaktlærararbeidet. God kompetanse vil tryggja lærarane i arbeidet.

I mange samanhengar vert auka vaksenkontakt trekt fram som viktig i arbeidet på dei vidaregåande skulane. Fleire skular har oppretta miljøteam som del av elevtenesta, der m.a. miljøarbeidarar er tilsett. Det er ulike ordningar på skulane, men felles for alle er auka vaksenkontakt og vaksne som også er til stades i friminutt og i ulike arrangement.

Foreldre er ein ressurs som vert nytta i varierende grad i den vidaregåande skulen. Foreldresamarbeidet kan truleg styrkjast på fleire av dei vidaregåande skulane våre.

Hyssingen produksjonsskule har danning gjennom produksjon som målsetting. Produksjonsskulen er eit tilbakeførande tiltak for ungdom som har falle ut av både yrkesfaglege- og studieførebuande programområde. Hausten 2018 skal Hyssingen produksjonsskule evaluerast, der ein vil kunna få fram tal som viser kor mange som har gjennomført denne opplæringa sidan oppstarten i 2014.

Tilbodet til elevar med psykiske vanskar i Sogn og Fjordane

I samband med regionreforma har fylkesrådmannen henta inn informasjon frå Sogn og Fjordane. Der har dei ei eiga avdeling, som ein del av ordinær skuledrift. Avdelinga held til i same bygning som ungdomsavdelinga for psykisk helsevern, like ved Førde sentralsjukehus. Avdelinga er administrativt underlagt ein av dei vidaregåande skulane. I tillegg er det BUP - avdelingar i dei to andre regionane òg. Skulane og BUP har eit nært samarbeid om elevar og tilbodet til elevane som er ein del av den tilpassa opplæringa, slik som for andre elevar. Inn mot regionssamanslåing vil det bli ein prosess på kva for løysingar fylkeskommunen Vestland vil einast om.

Framtidige opplæringstilbod for elevar med psykiske vanskar

Kapittelet *Hordaland fylkeskommune sitt eksisterande tilbod til elevar med psykiske vanskar* inneheld skuleeigar sine prioriteringar ut frå lovgrunnlag, rettar og plikter. Skuleeigar vurderer eksisterande tiltak på alle nivå som gode for elevane, og vil vidareføre desse, jf. modellen i Ekspertutvalet si tilråding.

Det må likevel nemnast at samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar vil krevje ein gjennomgang av eksisterande tilbod, der det er ein føresetnad at ein finn løysingar Vestland fylkeskommune kan einast om. Dette gjeld fyrst og fremst dei tilboda som vert gitt til elevar med særskilde behov (Kyrre og Valekrossen). Arbeid i ulike delprosjekt i samband med regionreforma har som målsetjing å utvikle gode tenester for elevane i Vestland fylkeskommune, og her vert arbeidet med ulike opplæringstilbod handsama. Her vil ein kunne dra nytte av rapporten *Framtidig opplæringstilbod for elevar med psykiske vanskar*. Likeeins vil kapittelet *Forsking om ungdom og psykisk helse* vere verdfullt, då det underbyggjer det arbeidet som vert gjort i fylkeskommunen for m.a. å fremje gode psykososiale læringsmiljø og å førebyggje mobbing.

Hardanger produksjonsskule startar hausten 2018 opp som ei avdeling under Hyssingen produksjonsskule. Hardanger produksjonsskule vert eit viktig supplement til Hyssingen med andre produksjonsverkstader og ein annan måte å samhandle med ungdommane på, då dette vert eit heildøgntilbod.

Folkehelse og livsmeistring vert eit av tre tverrfaglege tema som skal inn i skulen når fagfornyinga trer i kraft i 2020. Målet er å fremje god psykisk helse, gi barn og unge muligheit til å ta gode og ansvarlege livsval, og lære dei å handtera personlege og praktiske utfordringar på ein best mogeleg måte. Arbeidet med å fornye læreplanane vert leia av Utdanningsdirektoratet. Det er lagt opp til ein brei prosess med involvering frå lærarar, skuleleiarar og fagekspertar. Bakgrunn for fagfornyinga er stortingsmeldinga: *Fag - Fordypning - Forståelse. En fornyelse av Kunnskapsløftet*.

Livsmeistring og førebyggjande psykisk helse er kjerneelement i prosjektet **Tankekraft** som Østfold fylkeskommune har gjennomført i samarbeid med Folkehelseinstituttet. For skuleåret 2017-18 er det meldt gjennomført to satsingar på ti vidaregåande skular, og ca. 2400 elevar:

1. Kursleiaropplæring for lærarar, rådgivarar og PPT
2. Undervisningsopplegg for elevane

I eit intervju frå 18.06.2018 uttalar statssekretær Anne Grete Erlandsen at regjeringa ønskjer at tilsvarande prosjekt skal vere på timeplanen for heile landet frå og med 2020. Dette er verd å vurdere som eit tiltak i arbeidet med elevane si psykiske helse.

I Hordaland fylkeskommune sin *Plan for kompetanseutvikling Strategi 2016-2020 Tiltak 2018/19*, viser vi til eitt av tilboda i Yrkesfagløftet for 2018/19: **Relasjonskompetanse, eit vidareutdanningstilbod 15 stp**, arrangert av OsloMet.

Nettverksbygging bør vidareutviklast med forpliktande samarbeid mellom skular som har spesielt tilrettelagte tilbod og mellom skulane og skuleeigar. Skuleeigar og dei ulike

einingane kan tena på tettare band, og ikkje minst bør ein byggja sterke nettverk mellom skulane.

Bruk av teknologi må heile tida vurderast, og gode teknologise løysingar bør vidareutviklast og takast i bruk i større grad.

Forsking om ungdom og psykisk helse

I 2018 gav **FHI (Folkehelseinstituttet)** ut en rapport **Psykisk helse i Norge**, som oppfølging av ein tilsvarande rapport frå 2009. Målet med rapporten er å gi ei oppdatert oversikt over **psykiske lidingar og ruslidingar** og korleis desse vert følgt opp i helsevesenet. I konklusjonen ser dei mellom anna med bekymring på at ein aukande del unge jenter melder om psykiske plager og søker hjelp i helsevesenet for plagene. Same tendensar kan ein lese av resultatata frå Ungdata 2017, for ungdom i Hordaland. Det er førebels inga klar forklaring på kvifor denne auka har skjedd, men det er ein samanheng mellom eigenmeldte plager og auke i bruken av helsetenester for plagene.

Arbeid med psykisk helse

Arne Holte, professor i helsepsykologi og tidlegare direktør i Folkehelseinstituttet understrekar at psykisk helse ikkje vert skapt i helsetenesta, dei reparerer den. Psykisk helse må derimot utviklast aktivt, beskyttast og oppretthaldast i kvardagen, der vi lever liva våre, t.d. som i skulen. Han har forfatta sju psykiske helserettigheter, som ein lett kan bruke i skulen. ⁶

Helsedirektoratet understrekar korleis utdanning skal bidra til at den enkelte kan realisera sitt potensiale. Korleis kan skulen leggje til rette for å kunne sjå samanhengen mellom helse og læring i framtidens skule? For å klare det, må utdannings- og helsesektoren samarbeide.

For å kunne skape det beste resultatet har Helsedirektoratet definert seks område som må vidareutviklast:

1. *Et bredt fokus på læring og utvikling*
2. *Læringsmiljøets betydning*
3. *Motivasjon og selvregulering*
4. *Økt fokus på tidlig intervensjon og identifikasjon*
5. *Mer forskningsbasert kunnskap*
6. *Lærerutdanning og etterutdanning for lærere*⁷

Helsedirektoratet understrekar i **Psykisk helse og livsmestring i skolen** følgjande faktorar som sentrale for å styrke barn og unge si psykiske helse. Faktorar som samstundes resulterer i eit godt læringsmiljø:

- *Lærerens evne til å lede klasser og undervisningsforløp*
- *Positive relasjoner mellom elev og lærer*

⁶ <https://www.psykologforeningen.no/publikum/videoer/videoer-om-livsutfordringer/de-syv-psykiske-helserettighetene>


⁷ <https://helsedirektoratet.no/Documents/Psykisk%20helse/Læring,%20læringsmiljø%20og%20psykisk%20helse.pdf>

- Positive relasjoner og kultur for læring blant elevene
- Godt samarbeid mellom skole og hjem
- God ledelse, organisasjon og kultur for læring på skolen

God psykisk helse er den viktigste byggesteinen for et godt liv. God psykisk helse er grunnlaget for god selvfølelse, omsorgsevne og opplevelsen av livsmestring. Det bidrar til et godt psykososialt skolemiljø som kan redusere mobbing. Det har befolkningen skjønnet, og det er et tydelig signal til utdanningsmyndighetene, påpeker han. (les: Psykologforeningens president Tor Levin Hofgaard.)

Stress og press

Eit godt skulemiljø er avgjerande for at elevane skal trivast og for at det skal utviklast eit godt læringsmiljø. Tiltrådingane over understrekar kor viktig klasseleiing og samhandling mellom lærarane er i arbeidet for den enkelte elev si læring og trivsel. Helsedirektoratet understrekar kor viktig tiltak av universell art er, nettopp for å sikre eit tilbod som når alle elevar. Opplæringslova § 9A definerer krav til eit godt læringsmiljø som fremjar helse og trivsel. Innsatsen på den enkelte skule må vere av systemisk art, og figuren under viser korleis skulen kan systematisere dette arbeidet:



Det viser seg å vere ein sterk samanheng mellom skulepress og psykiske helseplager, jf. NOVA-rapport nr 6/17 **Stress og press blant ungdom**.⁸ Elevane sjølve hevdar at det framfor alt er skulestress, krav og press der som skaper dei psykiske helseplagene. Skulepress og depressive symptom synest å auke parallelt. Med stress hevdar dei at det

⁸ <http://www.hioa.no/Om-HiOA/Senter-for-velferds-og-arbeidslivsforskning/NOVA/Publikasjonar/Rapporter/2017/Stress-og-press-blant-ungdom>

både gjeld dei krava skulen stiller til dei, men òg dei krava elevane stiller til seg sjølve i skulesamanheng. Lekser, vurderingssituasjonar og tidsfristar er faktorar som gir elevane oppleving av stress.

For å redusere skulestress, har rapporten **Stress i skolen – en systematisk kunnskapsoversikt** (Kunnskapsenter for utdanning, KSU 4/2017), ei oppsummering: «Anbefalinger om hva skolen kan gjøre for å motvirke negativt stress:

- *Engasjerende undervisning*
- *Sosialt godt læringsmiljø*
- *Jevn arbeidsbelastning*
- *Unngå utvikling av en «stresskultur» på skolen»*

9

Kompetanseutvikling

Lærarane treng meir kunnskap om psykisk helse, hevdar Stine-Margrethe Ekornes i si doktoravhandling ved Institutt for lærarutdanning og skuleforskning, UiO. Lærarane finn det vanskeleg å tolke dei signala ein elev med psykiske vanskar sender ut, og vert difor usikre på korleis dei kan hjelpe. Ho understrekar at det er eit for stort gap mellom det ansvaret ein lærar opplever og den kompetansen han/ho har om temaet, noko som blir opplevd som stress.

Lærarar har undervisning som si primære oppgåve, men for at den enkelte elev skal få brukt heile potensialet sitt i læring, krev det ei forståing for samanhengen mellom psykisk helse og læring.

Psykisk helse var tidlegare eit omgrep mange relaterte til helsevesenet, men psykisk helse har alle, og den blir aktivisert og halden ved like på dei arenaer ein er i til dagleg. Resultata i nasjonale undersøkingar har skapt auka merksemd på psykisk helse blant elevane. Lærarane som deltok i Ekornes sine undersøkingar, var i stor grad einige om at arbeidet med psykisk helse må integrerast i skulen sine planar og at det må prioriterast.

I oktober 2017 gjekk Østfold fylkeskommune ut i media med informasjon om at det som første fylket i landet skulle undervise i psykisk helse i dei vidaregåande skulane. Livsmestring og førebyggjande psykisk helse er kjerneelement i prosjektet, som vert gjennomført i samarbeid med Folkehelseinstituttet¹⁰. For skuleåret 2017-18 er det meldt gjennomført to satsingar på ti vidaregåande skular, og ca. 2400 elevar:

1. Kursleiaropplæring for lærarar, rådgivarar og PPT
2. Undervisningsopplegg for elevane

I eit intervju frå 18.06.2018 uttalar statssekretær Anne Grete Erlandsen på eit besøk i Halden at regjeringa har ønskje om at tilsvarande prosjekt skal vere på timeplanen for heile landet frå og med 2020.

⁹ Helsedirektoratet, [Psykisk helse og livsmestring i skolen](#)

¹⁰ FHI, Tankekraft: <https://www.fhi.no/prosjekter/tankekraft-livsmestringsprogram/>

Psykologteamet i Hordaland har om lag same tilnærming som prosjektet i Østfold, og ei eventuell vidareføring av prosjektet med psykologteam vil kunna ivareta ein del av denne opplæringa til både elevar og tilsette.

I Hordaland fylkeskommune sin Plan for kompetanseutvikling Strategi 2016-2020 Tiltak 2018/19, viser vi til eitt av tilboda i Yrkesfagløftet for 2018/19: Relasjonskompetanse, eit vidareutdanningstilbod 15 stp, arrangert av OsloMet.

Ulike innspel i saka

INNSPEL FRÅ ERFARINGSDELINGS DAG 08.02.2018

For å få innspel frå ulike hald, vart invitasjonen til ein erfaringsdelingsdag sendt til aktuelle ressurspersonar. *Hordaland fylkeskommune skal utgreie framtidige opplæringstilbod for elevar med psykiske vanskar. Dette har høg prioritet og skal handsamast politisk hausten 2018. Vi inviterer derfor utvalde ressurspersonar til ei erfaring- og innspelsamling.*

Følgjande aktørar bidro til innhald:

- Ungdata 2017, v/KorusVest, Randi Wartdal Knoff
- Erfaringar frå to tilrettelagte tilbod i Hordaland fylkeskommune
 - Bergen katedralskole, avdeling Kyrre
 - Kvinnherad vgs., avdeling Valekrossen
- «Et skreddersydd tilbud», Kongsskogen vidaregåande skole, Oslo, v/ass. rektor Christine Wille Jordheim
- Perspektiv på overgang frå grunnskule til vidaregåande skule, v/ungdomskulane Gimle, Alrekstad og Sandgotna
- «Korleis møter vi elevar med psykiske vanskar?», Fitjar vgs., v/rektor Leif Helge Engelsen
- «Vår erfaring med elevar som har slutta i skulen», Hyssingen produksjonsskole, v/Baste Bruarøy
- «Møte med støttesystema i vidaregåande skule», OT/PPT

Assisterande rektor, Christine Wille Jordheim, Kongsskogen vgs., Oslo kommune, var invitert for å dele erfaringar. Skulen tilbyr alle fellesfag samt 16 programfag, og er den einaste som tilbyr full studiekompetanse av dei tre «psykiatriskulane» i Oslo. Elevane på skulen har alle dokumenterte psykiske utfordringar og har ein behandlar innan psykiatrien. Samstundes har dei faglege føresetnader for å velje studiespesialiserande utdanningsprogram. Dei fleste av elevane har mislykka skuleår bak seg, både i ungdoms- og vidaregåande skule. Søknadsfristen er 1. mars og søkjarar med ungdomsrett har prioritet. Søkjarane må i tillegg ha postadresse i Oslo. Målet for elevane som får plass på skulen er studiekompetanse og vitnemål, men skulen set krav både til oppmøte, vurderingar og eksamen.

Assisterande rektor presenterer det ho ser på som suksesskriterium: Skulen har rause ressursar til kontaktlærar og rådgivar, og faggruppene er små, oversiktlege og har fleire lærarar per gruppe. Skulen signaliserer optimisme og gir elevane tru på at dei kan meistre. Miljøet generelt ber preg av å vere raust, både mellom elevar og lærarar. Fokus vert retta

mot dei ressursar og moglegheiter kvar elev har. Lærarane er oppdaterte på dei utfordringar kvar elev har å stri med, og relasjonskompetanse står sentralt. Fleksibilitet i vurderingssituasjonar er ein del av dei målretta tiltaka, og føreseielege planar for den enkelte elev. Skulen har som mål å bidra til at alle elevar som sluttar, har ein plan for livet etterpå. Studierettleiing, GoCampus og samarbeid med NAV er avgjerande for å få det til.

Oppsummering frå gruppearbeid på slutten av samlinga

KS sitt dialogverktøy vart nytta og gruppene vart samansett tverrfagleg. Fire spørsmål skulle svarast på og diskuterast.

1. Kva for opplæringstilbod blir etter di erfaring gitt elevar med psykiske vanskar?
2. Kva for barrierer ser du for å kunne gi elevane med psykiske vanskar det dei har rett på jf. §§3-1, 5-1 og 9A-2
3. Kva for moglege løysingar (organisatoriske) ser du kan bidra til betre opplæringstilbod for elevar med psykiske vanskar?
4. Kva for tiltak meiner du kan ivareta rettane til elevar med psykiske vanskar. Konkretiser og prioriter.

Svara blei oppsummert, og på spørsmål 4, der deltakarane var bedne om å konkretisere tiltak, går desse orda igjen:

- Tilrettelegging
- Tid
- Fleksibilitet
- Tilpassing

OPPSUMMERING REKTORSAMLING 29.05.2018

29.05.2018 vart alle rektorane i Hordaland fylkeskommune kalla inn til heildagsmøte med temaet *Læring, læringsmiljø og psykisk helse*. Målet for dagen var å få innspel til korleis vidareutvikle kvalitet i opplæringstilbodet med tanke på psykisk helse. I tillegg gav rektorane, gjennom eit gruppearbeid, innspel for å vise korleis ein legg til rette for elevar med psykiske utfordringar i eit ordinært løp. Spørsmåla er forankra i leiarmøte på opplæringsavdelinga, 03.04.2018.

Opplæringsavdelinga hadde ein introduksjon til gruppearbeidet, for å understreke koplinga mellom helse og skule.

1. Korleis legg de i dag til rette for elevar med psykiske vanskar i ordinære klassar?
 - a. Individnivå?
 - b. Systemnivå?
2. Kva utfordringar ser de for å kunne gi elevar med psykiske vanskar eit forsvarleg og tilpassa tilbod i ordinære klassar?
3. Kva tiltak meiner de kan ivareta rettane til elevar med psykiske vanskar i ordinære klassar? Kva kan vere moglege løysingar pedagogisk og/eller organisatorisk? Konkretiser og prioriter.

Tilbakemelding frå rektorane er at dei er like opptatt av å ivareta individnivået, samtidig som systemnivået vert utvikla.

På individnivå vart det understreka kor viktig det er med fleksibilitet og tilrettelegging. Vurderingssituasjonar vart trekt fram som avgjerande faktor i tilrettelegging for den enkelte. Dei understreka at tilrettelegging må skje parallelt med at det blir sett krav til eleven. Kommunikasjon og informasjonsflyt i skulen og med samarbeidspartnar er avgjerande. Dei trekte òg fram miljøteam som vesentleg for å bidra til sosial kompetanse og byggja eit godt skulemiljø.

På systemnivå vart det understreka kor viktig det er å bruke den teknologien som finst, for å gjere undervisningssituasjonar tilgjengelege for elevane. System for dei ulike overgangane, startsamtar og ressursteam vart understreka som viktige faktorar for å sikre eit systematisk arbeid på skulen.

Personvernlova kan vere ei utfordring, teieplikt hos skulehelsetenesta kan hindre viktig informasjon til skulen, samstundes må det vere eit tett samarbeid mellom skulehelsetenesta og skulen. Fleire peikar på at det trengst ein auke i ressursane til skulehelsetenesta som er eit kommunalt ansvar.

Det blir etterspurt om kor grensene går mellom skulen si rolle og spesialhelsetenesta, fordi skulen ikkje har kompetanse til å vurdere. I tillegg til at det ikkje er deira oppgåve, men helsevesenet si oppgåve.

Lærarane melder at dei ikkje har god nok kompetanse i å møte utfordringane med elevane, både når det gjeld haldingar og rolleforståing. Det må og skapast ei forståing elevane imellom, om korleis dei kan vere til stades for kvarandre. Men, det kan òg bli ei for stor belastning for både lærarar og medelever i situasjonar som kan vere svært krevjande. For stor tilrettelegging for enkeltelevar kan virke negativt for klassen totalt. Skuleleiinga må setje krav til at alle lærarane nyttar seg av dei teknologiske løysingane som kan skape fleksibilitet for elevane. Kan mengda vurderingssituasjonar verke hemmande for læring, er spørsmål som vert stilt. Prinsippet om tilpassa opplæring gjeld også for vurdering.

Auka del flyktingar og innvandrarar kan vere ei utfordring fordi skulen ikkje kjenner godt nok til bakgrunnen til den enkelte, eit område der skulane òg treng auka kompetanse.

I den organisatoriske endringa i elevtenesta frå skulestart 2018, blir miljøteam trekt fram som eit lågterskeltilbod. Auka vaksentettleik som gir støtte og trygge rammer er viktig, understrekar dei.

OPPSUMMERING FRÅ INFO- DRØFTINGSMØTE 30.05.2018

Dei tillitsvalte melde tilbake ønskje om ei meir tilgjengeleg skulehelseteneste i tillegg til fleire vaksne med ikkje-pedagogisk kompetanse som ressurs inn i skulen. Dei såg det som viktig å tilby etter- og vidareutdanning, fordi lærarane ikkje kjenner seg kompetente til å møte utfordringane med psykisk uhelse blant elevane. Dei meinte òg at ei kompetanseheving vil bidra til bevisstgjerung blant dei tilsette.

Dei understreka at dei eksisterande tilboda til elevar som er i behandling må vidareførast, i tillegg til å auke kontakten mellom desse avdelingane og skulane, t.d. gjennom nettverk.

Det blei stilt spørsmål om vi sjukeleggjer elevane i for stor grad, og om det er ein trend å overfokusere på psykisk uhelse. I tillegg kom det opp spørsmål om presset på prestasjonar og vurdering kan vera ei årsak til utviklinga.

I tillegg kom det innspel om at miljøfagarbeidarane bør få ein auka status i skulen. Tverrfagleg samarbeid i ulike team blei òg lagt fram som eit tiltak til vidare vurdering.

Økonomi

Arbeidsgruppa har ikkje hatt i sitt mandat å utgreie dei økonomiske sidene knytt til utgreiing om framtidig opplæringstilbod og nye løysingar.

Tilrådingar frå arbeidsgruppa

Tilrådingane frå arbeidsgruppa vil fylgje modelltenkinga, slik Ekspertutvalet v/Thomas Nordahl illustrerer ulike tiltak ut frå behov og rettar. På bakgrunn av informasjon som er henta inn gjennom m.a. arbeidet med politisk sak om evaluering av psykologteamet og sak om ungdom koda som «ukjent aktivitet» og innspel som er gitt i prosessen knytt til utgreiingsarbeidet, peikar arbeidsgruppa på følgjande:

TILTAK SOM FØREBYGGING OG UNIVERSELL TILNÆRMING

- UngData 2017 viser at 26 % av Vg3-elevane i Hordaland, på bakgrunn av ulike spørsmål, har eit høgt depressivt stemningsleie. Dette er elevar som går i ordinære løp i skulen, difor er innsatsen på dei universelle og førebyggjande tiltaka avgjerande for å nå målet om auka læringsutbytte og fullføring. Hovudinnsatsen skal skje i det daglege virke ute på kvar skule med livsmeistring som inngår i skulen sitt samfunnsoppdrag.
- Forsking viser at lærarane har behov for kompetanseheving om psykisk helse. Det er signal som både rektorane og info- drøftingsmøte understreka. Frå regjeringa si side er det ytra eit ønskje om at alle skular frå 2020 skal styrke kompetansen om psykisk helse gjennom eit eige program (Tankekraft - Østfoldmodellen). Programmet gjeld både for tilsette og elevar. Kompetanseheving på temaet må forplikte både skuleeigar og skulane, Østfoldmodellen er eitt tiltak som bør vurderast.

TILTAK SOM TIDLEG INNSATS, EKSTRA OPPLÆRING, OPPFØLGING OG STØTTE

- Elevtenesta styrkast på alle skulane, som universelt og førebyggjande tiltak, gjennom tverrfaglege team som er tett på elevane, og samarbeid med støttesystem og kompetanseressursar.
- Tilrettelegging gjennom betre rammer for fleksibel og differensiert organisering t.d. studiesentermodell, intensive og tilpassa kurs i periodar, nettundervisning og bruk av ny teknologi, bør utviklast vidare.

TILTAK FOR EKSTRA TILRETTELEGGING, VARIG OG INTENSIV INNSATS FOR ELEVGRUPPA SOM HAR BEHOV I SAMSVAR MED RETTANE ETTER LOV OG FORSKRIFT

- Inntaksforskrifta vert revidert slik at inntak også for denne målgruppa skjer sentralt.
- Retningslinjer vert utarbeidde for å sikre at rettane til elevane i denne målgruppa vert ivaretekne m.a. ved at tilbodet vert gitt på bakgrunn av sakkunnig vurdering frå OT/PPT der lov og forskrift krev det.
- Framtidig tilbod bør utviklast vidare slik at
 - elevane i målgruppa får tilbod innanfor alle programfag.
 - elevane i større grad får tilbod nærmare eigen bustad (ikkje geografisk avhengig av om du får tilbod) – tilbod for grupper ved fleire skular
 - tilboda er sterkare knytt til dei vidaregåande skulane i HFK
 - der ein styrkar kompetanse og rammer for tilrettelegging og inkludering
 - der enkelte skular vert utvikla som «baseskular» (omgrepet er nytta i sak om oppretting og evaluering av psykologteamet)
 - der det vert organisert eit forpliktande samarbeid/nettverk mellom avdelingar/skular som har spesielt tilrettelagte tilbod, og mellom skulane og skuleeigar. Samarbeidet skal sikre gode og fleksible tilbod for elevane etter lov og forskrift.

REFERANSAR:

Hdir, Udir: [Læring, læringsmiljø og psykisk helse. Rapport fra dialogkonferanse 20.-21.11.13](#)

Lovdata: [Lov om grunnskolen og den videregående opplæringa](#)

Oslo kommune, [Kongsskogen videregående skole](#)

Udir: [Psykisk helse i skolen. Rapport 9/2014](#)

NOVA (2017): Ungdata. Resultat for Hordaland, videregående skule.

Helsedirektoratet: [Psykisk helse og livsmestring i skolen.](#)

FHI: [Psykisk helse i Norge.](#) Januar 2018

Hordaland fylkeskommune: [Styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet i dei videregående skulane](#)


Kunnskapssenter for utdanning (KSU 4/2017): [Stress i skolen – en systematisk kunnskapsoversikt](#)

Forskning.no: [Lærere ønsker mer kunnskap om psykisk helse, 30.08.2016](#)

Utdanningsforbundet: [Kan for lite om psykisk helse, 23.03.2016](#)

Jan Fredrik Oddekalv (Slåtthaug vgs.). Prosjektrapport. Miljøterapi i videregående skole,

Tankekraft (Østfoldmodellen): FHI: <https://www.fhi.no/prosjekter/tankekraft/livsmestringsprogram>



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

